

Trim for dei aller minste startar måndag!

12.01.2007



Hege Lekva med Sigri, som er tre månader men som også snart skal bli trimmar! (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Turngruppeleiar Hege Lekva har ei hyggjeleg melding til dei som har fått smårollingar dei siste tre åra:  
Måndag ettermiddag kan foreldra ta dei med til Aktivitetshuset. Då startar det trim for dei frå null til tre  
år!**

Faktisk er dette ikkje noko nytt og epokegjerande for Uskedalen viss nokon skulle ha trudd det: I 2003 starta Hilde Bringedal ei tilsvarende gruppe i det nyreiste Aktivitetshuset. Men ho fylgde dei små over i gruppa 3-6 år som ho no leiar og som har imponerande deltaking. Over 20 var med i denne gruppa under den første trimmen på nyåret denne veka.

- Eg er sjølvsagt spent på frammøtet mandag, men har hørt om fleire som vil komma og kan lova ei triveleg stund. Ann Kristin Musland, som sjølv har ei jente på to år, har sagt seg viljig til å stå ansvarleg for gruppa. Men ho vil setja pris på at også andre blir med og tar eit tak.

Det fortel Hege, med tre månadar gamle Sigri på armen. Ho vil nok også bli med i den nye gruppa etterkvar, men Hege har allereie med to i gruppa for dei mellom tre og seks. Det er Tøres på tre og Harald på fem, som begge går i barnehagen.

- Vi får venta litt med å gjera Sigri til trimmar, ein kan ikkje ha med alle på alt samstundes, seier Hege.

Harald var med i "yngstegruppa" då den var i funksjon sist og vart trimmar allereie då han var mellom eitt og to år gammal.

- Er det ingen grense nedover, Hege?

- Nei, ungane bør bli med på trimmen så tidleg som mogeleg, men dei kan sjølvsagt ikkje gjera det samme som dei eldre. Sjølv om dei ikkje kan gå, likar dei å vera med. Vi legg ut mattar som dei kan bolstre seg på. Det er mykje ein kan gjera med dei aller minste, berre ein legg lista ned på deira nivå.

Og så er det ein viktig bi-effekt: Foreldra har stort utbytte av å vera saman!

- Korleis kan du klara å leia turngruppa når du no har fått nummer tre sjølv?

- Eg har bestemt meg for å gjera ein innsats når eg først har tatt på meg denne oppgåva. Og det går fint sjølv om eg no har tre.

Eg sit heime med datamaskina og organiserar medan dei gode hjelparane mine går på møter og ordnar opp. Det går greitt, tykkjer eg.

Av Ola Matti Mathisen